



PIGGETE SNORKLIPP: Kultursjef i Lindås kommune, Øyvind Stang, klipper piggråden og opnar utstillinga på nedre Lindås.



Fullt hus for utstillingsdraumen til Elisabeth

LINDÅS: I sommar dukka ideen om ei skikkeleg juleutstilling opp i hovudet til kunstnar Elisabeth Tonheim. Lørdag vart utstillinga opna, på ein måte som verkeleg er ein skrot-kunstnar verdig.

ENDRE HOPLAND
endre@nordhordland.no

I 2003 kjøpte Elisabeth Tonheim eigedomen Rosenlund på Lindås, og sidan 2010 har ho drive som kunstnar på heiltid. Kunsten hennar er av det spesielle slaget, såkalla skrotkunst, som er akkurat det det høyrer ut som. Alt av gamle gjenstandar får nytt liv i kunsten til Tonheim, som produserer heile installasjonar av det andre kanskje ser på som boss.

– For meg handlar dette mykje om historie, eit emne eg er veldig interessert i. Eg føler sjølv eg får bevart mykje kultur og historie når eg brukar så mykje gamalt i

kunsten min. Gjenbruk er i tida, men tanken min er altså å bevare historia vår, seier Elisabeth Tonheim til Nh.

Stoppa av isen

Utstillingsopninga lørdag var av det spesielle slaget. Det gamle tinghuset på Lindås er utstillingsstaden, og for høvet var tinghustrappa sperra av med piggråd og lilla silkeband, i staden for raud sløyfe. Den meir tradisjonelle saksen var også byta ut med ei skikkeleg avbitartang.

Kultursjefen i Lindås, Øyvind Stang, fekk det ærefulle oppdraget å opna utstillinga offisielt, men det var berre så vidt at planen kunne gjennomførast. Stang kom nemleg sjøvegen, men i Lindåsosane vart han stoppa av dravis. Heldigvis var det ein lindåsbygding som tok ansvar, og henta kultursjefen litt lenger ute i nesa.

Dei lokale rockarane i Golden Wings, eit produkt av rockeverkstad i Lindås som til dagleg har lokale i det gamle tinghuset, ønska alle dei frammotte vel-

komen med si eiga tolking av «Å Vestland, Vestland», for Stang altså gjekk laus på piggråden med avbitartanga. Etter litt klipping var inngangspartiet passerbart, og nysgjerrige gjestar strøyma inn dørene.

Ein stor jobb

Utstillinga, som opningshelga er i alle etasjane i huset, er Tonheim sitt eige prosjekt. Frå ho fekk klarsignal frå kulturavdelinga i kommunen har ho jobba jamt med å få lokalet klart til utstillinga, primært med måling og annan oppussing. Både rockeverkstad og speidaren, som har lokale i huset til vanleg, lånte velvilleg vekk desse for høvet. Så var det berre å få på plass kunstnarane og deira utstillingar.

– Alle desse var klare for rundt ein månad sidan, og alle eg spurde syntest det høyrtes veldig kjekt ut, seier Tonheim til Nh.

I tillegg til skrotkunstnaren sjølv sine arbeid er glaskunstnar Turid Grov, målar Anne Jakobsen og bildekunstnar Irén Kleiven sine verk stilt ut, saman med installasjonar frå kunstprosjektet

«Tidspunktet» av Jannicke Kim Olsen og ei heilt spesiell utstilling av aldri tidlegare vist materiale frå Aslaug Låstad Lygre.

Utstilling i tre etasjar

Inne i det nyoppussa lokalet finst det noko for einkvar smak. Inne på toalettet er gamle bøker stilt ut, og i det vesle rommet til venstre for inngangsdøra er ungane raskt i gang med juleverkstaden. I hovudrommet nede ventar alkoholfri champagne til alle frammotte, til å nyta saman med bilda som heng på veggane.

I andre etasje held utstillingane fram, og glaskunsten til Turid Grov får raskt bein å gå på.

– Dette er i utgangspunktet julegaver, men det kan fort verta julegåver til oss sjølv, fortel Venke Fonnes og Marit Haukeland, som begge fann mykje fint blant kunstverka.

Opp trappa til loftet heng installasjonane til arrangøren, og ein skjønner kjapt at ho ikkje tulla når ho fortalte om gjenbruk og historie.

Vidare går vegen inn på loftet, der smakebitar frå den spesielle

utstillinga til Jannicke Kim Olsen finst. På veggane heng også Aslaug Låstad Lygre sine gamle tekstar i glas og ramme, med originale korrekturar. Klenodium i seg sjølv.

Travel helg

Det var mykje aktivitet på nedre Lindås i helga. Utanom utstillingsopninga og juleverkstaden, var det også julemesse i fjosen på Spjeldnes gard. Lørdag inviterte Lindås brygge til julegraut, og søndag var det familiejulebord.

I barndomsheimen til Aslaug Låstad Lygre var det fyr i grua og varm sjokolade-servering søndag, og i stabbursbutikken «Heilt originalt» var det tradisjonen tru julemarknad.

At snøen og kulden kom akkurat denne helga gjorde det heile endå meir koseleg, og det er ikkje fritt for at ein del fekk julestemninga over seg i løpet av desse dagane.

Utstillinga i det gamle tinghuset er for øvrig open onsdag til søndag fram til jul, då i ein etasje. Alt som vert stilt ut er også for sal.



SKROTKUNSTNAR: Elisabeth Tonheim er dama bak utstillingsamlinga i det gamle tinghuset på nedre Lindås. Sjølv er ho skrotkunstnar, og lagar kunst av det mange vil sjå på som boss. For Tonheim handlar det heile om bevaring av historia. (Alle foto: Endre Hopland)



JULEGÅVER: Marit Haukeland (t.h.) og Venke Fønnes fann fine julegåver hjå glaskunstnar Turid Grov. Men og dei var til andre eller seg sjølv var dei ikkje heilt sikre på.



LÅSTAD LYGRE: Gamle, og aldri utgjevne tekstar frå Aslaug Låstad Lygre heng i ramme og glas i det gamle tinghuset på Lindås.



TIDSPUNKTERT: Ein del av utstillinga «Tidspunktert» av Jannicke Kim Olsen, ei utstilling med våpen og historia bak desse i fokus.



Å VESTLAND, VESTLAND: Det lokale bandet Golde Wings framførte sin heilt eigne versjon av «Å Vestland, Vestland» før kunstutstillingane i det gamle tinghuset på nedre Lindås vart opna.



JULEVERKSTAD: Mykje moro også for ungene på Lindås denne helga.